A V T A L E .

1.

Avtale mellom Levanger kommune - her kalla kommunen - og A/L Ekne gymnastikksal/grendehus - her kalla grendehuset - om bygging og drift av ny skole kombinert med grendehus for kretsen.

2.

Med grendehuset er her meint den del av anlegget som inneheld gymnastikksal/forsamlingssal m/scene, avkledningsrom og bad, legerom, lesestue/bibliotek/møterom, kjøkken, hall, garderobe og toaletter.

3.

Kommunen blir eigar av bygget, men grendehuset skal ha rett til å bruka og leiga ut huset i samsvar med sine vedtekter, når roma ikkje er i bruk til ordinært skolebruk. Skolen har også rett til å bruka huset til øvingar, møte og festar utanom vanleg skoletid, men da etter samråd med styret for grendehuset. All bruk av huset utanom vanleg skoletid må varslast i god tid slik at det ikkje kjem i vegen for utleige som alt er bestemt.

4.

Ved bruken av huset skal det førast tilsyn med at det ikkje blir nytt alkohol i huset og at politivedtektene og vedtektene for grendehuset blir haldne.

5.

For alt reinhald i huset gjeld reinhaldsføresegnene for skolen.

6.

Eventuelle skader som måtte oppstå under bruk av huset, skal erstattast av dei som leiger huset. Dette gjeld likevel ikkje brannskade.

7.

For grendehuset skal det vera eit styre på 7 medlemmer, 6 valde av andelslaget og 1 vald av skolestyret.

II.

8.

Når bygget er ferdig, tilsett kommunen vaktmeister som skal ha tilsyn med heile eigedommen. Styret for grendehuset skal ha høve til å uttale seg om søkjarane før tilsetjing skjer. Det skal utarbeidast særskilt instruks for vaktmeisteren. Instruksen må godkjennast både av kommunen og av styret for grendehuset.

9.

Grendehuset skal ha all inntekt av utleige. Kommunen betaler ikkje for leige som brukes til skoleformål.

1o.

Fordeling av utgifter.

a) Driftsutgifter som lys, varme o.l. blir fordelt etter satser som kommunen og grendehuset til kvar tid blir samde om. (Etter bruken av grendehusanlegget).

b) Kommunen ber alle utgifter til vedlikehald til den del av anlegget som er berre til skolebruk, og til den utvendige del som veg, vatn, kloakk, grøntanlegg m.v.

c) Utgifter til vedlikehald og assuranse av grendehuset blir fordelt med 4/5 på kommunen og 1/5 på andelslaget.

d) Løn for vaktmeisterarbeid som vedkjem skolens bruk av anlegget, betaler kommunen. Løn for vaktmeisterarbeid utanom skolebruk, betaler grendehuset.

e) Etter eit år skal partane ha høve til å ta opp tinging om endring av reglane om fordeling av utgiftene, pkt. 10 a,b,c,d.

11.

Strid som måtte oppstå mellom Levanger kommune og A/L Ekne grendehus om tolking av denne avtalen og om drifta av huset, skal avgjerast av ei voldgiftsnemnd på 3 medlemmer. Partane nemner opp ein medlem kvar til nemnda og sorenskrivaren nemner opp formannen.

12.

Blir føresetnaden for og/eller vilkåra i avtalen brotne av A/L Ekne grendehus, kan kommunen og/eller fylkesskolestyret seie

opp avtalen med eitt års varsel. Kommunen har da rett til å løyse ut A/L Ekne grendehus ved å betale attende den del av byggekostnaden som A/L Ekne grendehus har skote inn. Blir det tvist om retten til å seie opp avtalen, eller i samband med eventuell utløysing av A/L Ekne grendehus, skal voldgiftsnemnda som er nemt under pkt. 11 dømme i tvisten.